

**FORSKRIFT OM VERNEPLAN FOR EDELLAUVSKOG I SOGN OG FJORDANE.
FREDING AV ÅSANE NATURRESERVAT I EID KOMMUNE, SOGN OG FJORDANE
FYLKE.**

Fastsett ved kongeleg resolusjon av 19. juni 2009 i medhald av lov 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern § 8, jf § 10 og §§ 21, 22 og 23. Fremja av Miljøverndepartementet.

§ 1 Avgrensing

Naturreservatet gjeld følgjande gnr./bnr.: 142/2, 143/1, 144/1, 145/1, 146/1, 146/2, 146/3, 146/4, 146/5, 146/9, 146/10, 146/11, 146/12, 146/15, 146/16 i Eid kommune.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 1,424 km².

Grensene for naturreservatet går fram av kart i målestokk 1: 12.500 datert Miljøverndepartementet mars 2009. Dei nøyaktige grensene for reservatet skal merkast av i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Fredingsforskrifta med kart er tilgjengeleg i Eid kommune, hjå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fylke, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

§ 2 Føremål

Føremålet med fredinga er å ta vare på eit større skogområde med spesielle naturtypar, med heile mangfaldet av artar og vegetasjonstypar og alle naturlege økologiske prosessar. Området har særskilt vitskapleg og pedagogisk verdi med sitt mangfald av velutvikla og plantegeografisk interessante edellauvskog- og andre naturtypar, også semi-naturlege, og sin store artsrikdom.

§ 3 Vernereglar

For naturreservatet gjeld følgjande reglar:

1. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er freda mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp (medrekna lav) eller delar av desse frå reservatet. Nye planteartar må ikkje førast inn. Planting eller såing er ikkje tillate.
2. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade, øydelegging og unødige uroing. Nye dyreartar må ikkje førast inn.
3. Det må ikkje setjast i verk tiltak som kan endre naturmiljøet, som t.d. oppføring av bygningar, anlegg, gjerde, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker o.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar eller kloakkleidningar, bygging av vegar, drenering og anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling, planering og lagring av masse, utføring av kloakk eller andre konsentrerte ureiningar, tømning av avfall, gjødsling, kalking og bruk av kjemiske middel. Forsøpling er forbode. Opplistinga er ikkje uttømmende.
4. Motorferdsel på land og på vatn er forbode, medrekna start og landing med luftfartøy.
5. Bruk av reservatet til teltleirar, idrettsarrangement eller andre større arrangement er forbode.

§ 4 Generelle unntak

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for :

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i ambulans-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsærend, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltingsoppgåver bestemt av forvaltingsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingskøyring.

Reglane i §3 nr. 1-3 er ikkje til hinder for:

2. Sanking av hasselnøtter, bær og matsopp.
3. Jakt og fangst etter viltloven.
4. Fiske og fangst etter lakse- og innlandsfiskloven.
5. Beiting.

6. Vedlikehold av anlegg som er i bruk på fredingstidspunktet.
7. a) Drift og vedlikehold av eksisterende energi- og kraftanlegg.
b) Naudsynt istandsetting ved akutt utfall. Ved bruk av motorisert transport skal det i ettertid sendast melding til forvaltningsstyresmakta.
c) Oppgradering/fornyng av kraftliner for heving av spenningsnivå og auking av linetverrsnitt når dette ikkje fører til vesentlege fysiske endringar i høve til verneformålet.
8. Rydding av gardsvegane til Indre Åse og Ytre Åse, og traseane for eksisterande taubaner og løypestrenger.

Reglane i §3 nr. 1-4 er ikkje til hinder for:

9. Motorisert transport til og frå gardsbruka Indre og Ytre Åse på eksisterande tilkomstvegar frå fylkesvegen, og motorisert snørydding av desse tilkomstvegane.
10. Drift og vedlikehold av Kystverket sine anlegg og ferdsl i samband med dette.

§ 5 Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gje løyve til:

1. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnde i § 4 nr. 3, 6, 7 a og c, og § 5 nr. 2, 3, 5, 6, 7 og 11.
2. Merking, rydding og vedlikehold av eksisterande stiar, løyper og gamle ferdsselsvegar.
3. Hogst og utdrift i samsvar med vedteken forvaltningsplan.
4. Avgrensa bruk av reservatet som nemnt i § 3 nummer 5.
5. Oppsetjing av gjerde i samband med beiting.
6. Oppgradering/fornyng av kraftliner som ikkje fell inn under § 4 nr 7. c.
7. Vedlikehold og skjøtsel av kulturminne.
8. Oppreinsking eller andre tryggingstiltak langs fylkesveg.
9. Oppsetjing av nye taubaner eller løypestrenger, og rydding av trasé for desse.
10. Etablering av faste plassar for fortøying eller opplag av båtar, eller landfeste for anlegg i sjø.
11. Oppføring av nye anlegg, flytting av anlegg, og tilbygg til eksisterande anlegg, for Kystverket.
12. Naudsynt øvingskøyning for formål nemnde i § 4 nr. 1.

§ 6 Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta når føremålet med fredinga krev det, samt for vitskapelege undersøkingar, arbeid av vesentleg verdi for samfunnet eller i særlege tilfelle når det ikkje strir mot føremålet med fredinga.

§ 7 Forvaltningsplan

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta gjev fullmakt, kan gjennomføre skjøtselstiltak for å fremje fredingsføremålet. Det skal utarbeidast forvaltningsplan, som kan innehalde nærare retningsliner for gjennomføring av skjøtsel.

§ 8 Forvaltningsstyresmakt

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

1.1.1.1.1.1 § 9 Iverksetjing

Denne forskrifta tek til å gjelde straks.